



VEDTEKTER

FOR NISSEDAL KOMMUNALE KRAFTFOND

Vedteke av Nissedal kommunestyre den 12.11.1992, sak nr. 068/92
Justert av Nissedal kommunestyre den 22.09.1994, sak nr. 044/94
Justert av Nissedal kommunestyre den 24.11.2016, sak nr. 91/16

§1. HEIMEL, KAPITAL OG AVKASTNING.

§1.1. Fondskapitalen er:

Næringsfond på kr. 11.130.000,- innbetalt av Arendals Vassdrags Brugseierforening den 03.07.1992 i medhald av punkt 2 i konsesjonsvilkårene for fortsatt regulering av Vråvatn, Nisser og Fyresvatn, og fortsatt tilleggsregulering av Fyresvatn, jfr. St.prp. nr. 64 1991-92.

Fondskapitalen er urørleg. Fondskapitalen skal kvart år tilleggas minst 10% av avkastninga.

§1.2. Avkastninga er:

- a. Årleg konsesjonsavgifter som vert innbetalt av regulantane i vassdrag som Nissedal kommune har rettar i høve til.
 - b. Renter og anna avkastning av fondskapitalen.
- Avkastninga skal nyttas etterskotsvis til dei føremål som er nemnd i §2.

§2. FØREMÅL.

§2.1. Hovudføremål:

Avkastninga skal først og fremt nyttas til område- og næringsutvikling. Avkastninga skal nyttas i samsvar med dei mål, strategiar og tiltak som er fastsette i Handlingsprogrammet i Kommuneplanen når det gjeld område- og næringsutvikling (Næringsplanen).

§2.2. Føremål:

- a. Av avkastninga skal det setjast av midlar som vert tilført Nissedal kommunale næringsfond.
- b. Avkastninga kan nyttas til kommunale fellestiltak.
- c. Avkastninga kan nyttas til dekning av kommunen sine utgifter til tiltaksadministrasjon.
- d. Avkastninga kan nyttas til tiltak som fremjar miljø og busetnad.

- e. Avkastninga kan nyttas til aksjeteikning i private verksemder. Dette skal berre skje i særleg høve, og kommunal aksjeandel må ikkje overstige 30% av samla aksjekapital.
Denne grensa gjeld ikkje utviklingselskap, utleigebygg og liknande som kommunen etablerer i samarbeid med private interessentar.

§2.3. Føremålsavgrensing:

- a. Det kan ikkje gjevast støtte til sanering av gjeld eller til den jamne drifta av verksemder og kommunen.
- b. Bruken av fondet må vere i samsvar med dei internasjonale regelverk Noreg ha slutta seg til på statstønadsområdet.

§3. DISPONERING OG FORDELING.

§3.1. Nissedal kommunale næringsfond:

Minst 40% av avkastninga skal kvart år tilførast Nissedal kommunale næringsfond, og disponeras etter eigne vedtekter.

§3.2. Andre føremål:

Maksimum 50% av avkastninga kan kvart år nyttast til dei andre føremåla som er nemnd i §2.

§4. FORVALTNING.

§4.1. Fondsstyre:

Kommunestyret er fondstyre for fondet og disponerer avkastninga gjennom årets budsjett.

§4.2. Saksførebuing:

Rådmannen førebur og tilrår i alle saker når det gjeld bruk av avkastninga.

§4.3. Fondsplassering:

Fondskapitalen og avsetjinga skal plasserast på renteberande konto i bank.

Kommunen kan på tilsvarande rentevilkår lånekortsiktig av fondskapitalen. Avkastninga skal vere disponibel til ei kvar tid.

§ 5. FONDSREGNSKAP.

Det skal leggjast fram regneskap som syner avkastning og disponeringar som note til kommuneregnskapet.

§6. GODKJENNING AV VEDTEKTER.

Vedtektene kan endrast etter vedtak i kommunestyret.

Vedtektene treng godkjenning av fylkesmannen.

Kopi av godkjende vedtekter skal sendast til fylkeskommunen.

Kommunen kan påklage fylkesmannen si avgjerd til

Kommunaldepartementet.